



DEN NORSKE KYRKJA  
Dovre kyrkjelege råd

## MØTEBOK – DOVRE KYRKJELEGE RÅD

Møtedato	Møtestad
Mandag 21. september 2020 kl. 19.00 – kl. 22.00.	Klukkarhaugen

### TIL STADES PÅ MØTET

Dovre sokn: Guri Ruste, Per Anders Håvelsrud, Anne Brit Roen Eriksen, Marit Reidun Bøe Svestad.  
Dombås sokn: ~~Johnny Raatrø~~, Eli Nytrøen Lyngen, Randi Brennhaug, ~~Knut Arne Berget~~.  
Prest: Elisabeth Torp.  
Kommunerepr.: Knut Nytnun.

Med tale- og forslagsrett:  
Kyrkjeverge Elin Marit Andgard, ~~Hans Hovde~~.

### SAKER TIL HANDSAMING

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE  
SAK 13/20 LOKAL GRUNNORDNING (LITURGI) FOR GUDSTENESTE  
SAK 14/20 REVISJONSMELDING  
SAK 15/20 REFERAT OG ORIENTERINGER

### DRØFTINGSSAKER

-Diakonstilling  
-Ansvar/prosess/organisering av restaureringsarbeid Dombås kyrkje  
-Biskopens utfordringer ved visitas og strategiplan  
-Revidering trusopplæringsplan

### UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med underskrifta vår at det som er ført på saksnummer 13-15/20 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

Eli N. Lyngen     Randi Brennhaug     Marit Svestad  
Knut Nytnun  
Anne Britt Roen Eriksen     Guri Ruste

**Innkalling:** 16. september 2020.

**Hovedutskrift:** Dovre kommune v/ formannskapet og rådmannen, Prost i Nord-Gudbrandsdal, arbeidstakere i administrasjonsutvalget, revisor.

## **SAK 13/20 LOKAL GRUNNORDNING (LITURGI) FOR GUDSTENESTE**

### **Saksopplysninger:**

Kirkemøtet vedtok i sak 5/19 justering av ordning for hovedgudstenesta (høgmessa). Dette er ei revidering av gudstenestereformen i 2011. Kyrkjerådet har vedtatt at gudstenesteordninga blir innført i alle kyrkjelyder innan 1. søndag i advent 2020.

Kyrkjelydsmøtet skal uttale seg om gudstenesteordninga (liturgien) før soknerådet gjer vedtak og oversender søknad om godkjenning til biskop.

Kyrkjelydsmøtet vedtok einstemmig: Kyrkjelydsmøtet støttar forslaget med å flytte Syndsvedkjenninga frå Forbøn (del 4) til Samling (del 1) og tekstvalg av inngangsord og syndsvedkjenning.

Kommentarer frå kyrkjelydsmøtet: Viktig at prestevikarar forhold seg til vedtatt ordning. Ber staben lage årsplan for når nattverd blir delt ut ved altarringen eller som intinksjon.

➤ Vedlegg: «Gudstenesteordning for Dovre» som syner noværande og endring.

### **Innstilling til vedtak:**

DKR vedtek forslaget til ny lokal grunnordning og oversender dette til biskopen for godkjenning.

### **Vedtak:**

Innstilling samrøystes vedtatt.

## **SAK 14/20 REVISJONSMELDING**

### **Saksopplysningar:**

➤ Vedlegg: Revisjonsberetning av 15. mai 2020

Årsregnskap-2019 for Dovre kyrkjelege råd er behandla i rådsmøte 17. februar 2020, sak 04/20.

### **Innstilling:**

DKR tar revisjonsberetning til orientering.

### **Vedtak:**

Innstilling samrøystes vedtatt.

## SAK 15/20 REFERATER OG ORIENTERING

### Saksopplysninger:

- **Protokoll frå Dovre kyrkjelege råd 2. juni 2020.**
- **Protokoll frå Dovre kyrkjelege råd 25. juni 2020.**
- **Protokoll frå kyrkjelydsmøtet 15. september 2020.**
- **Orienteringer**
  - Sikringsprosjekt kyrkjelege bygg
  - Prestesituasjonen i Dovre
- **Referatsaker**
  - BF-departementet: Endringer i gravferdsloven fra 2021.
  - BF-departementet: Høring ny forskrift om økonomiforvaltninga i DNK. Frist 12.10.
  - DNK: Innspillsmøter om ny organisering.
  - DNK: Oppdatert smittevernveileder
  - KA: Kandidater til landsrådet i KA. Frist 24.9
  - KA: Regionalt kontaktmøte i Hamar bispedømme 3.12.20
  - KA: Rådsopplæring 28.9 på Otta. Påmeldingsfrist 18.9.
  - Hamar bispedømmeråd: Endringer vedr. evt. ubenyttede trosopplæringsmidler
  - SOS barnebyer og Bibelgaven: Takk for offer.

### Innstilling:

Protokollen frå rådsmøtet 2. og 25. juni 2020 godkjent.  
Øvrige orienteringer tatt til etterretning.

### Vedtak:

Innstilling samrøystes vedtatt.

## **DRØFTINGSSAKER**

- Diakonstilling  
Diakonens notat «Arbeidet som diakon / diakonitjenesten i Lesja og Dovre» delt ut.
- Ansvar/prosess/organisering av restaureringsarbeid Dombås kyrkje  
Sjå Kirkeloven § 14, Handboka kap. 9 og delegeringsreglement.
- Biskopens utfordringer ved visitas og strategiplan  
Sjå utdelt «Biskopens utfordringer ved visitas-2019» og Kyrkjeplan 2018-21.
- Revidering trusopplæringsplan  
«Evaluering av gjeldende trosopplæring» (notat fra Inger Gravem) delt ut.



DEN NORSKE KYRKJA

# GUDSTENESTEORDNING FOR DOVRE

Endring plassering

Nytt med lilla tekst

Takast bort



## I. SAMLING

### FØREBUING

Klokkeringing \* Informasjon \* Stutt stille \* Tre klokkeslag

### PRELUDIUM

*Kyrkjelyden står når det er inngangsprosesjon*

### SALME

### INNGANGSORD

### SAMLINGSBØN

**Medliturg:** Lat oss be. Gud, vi er komne inn i ditt heilage hus for å ta imot det du vil gje oss. Lat no opp hjarta våre, så vi kan fornyast i trua på deg. Vi bed i Jesu namn.

**Alle:** Amen.

### SYNDSVEDKJENNING

**Liturg:** I tillit til Guds nåde vil vi be om tilgjeving.

*Kort stille*

**Alle:** Gud, du kjenner og elsker oss alle. Du vil at vi skal ta vare på kvarandre og på jorda. Vi sviktar og gjer deg imot. Tilgjev oss og hjelp oss, for Jesu skuld.

### BØNEROP KYRIE

**Alle syng:** Kyrie eleison. Gud Fader, miskunna deg.  
Kriste eleison. Herre Krist miskunna deg.  
Kyrie eleison. Heilag Ande, miskunna deg.

### LOVSONG GLORIA

*Gloria fell bort i fastetida*

**Liturg:** Ære vere Gud i det høgste

**Kyrkjelyd:** - og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i.  
Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgger deg.  
Amen.

## DAGENS BØN

*Dagens bøn fell bort ved dåp*

Liturg: .....ein sann Gud frå æve og til æve.

Alle: Amen.

## II. DÅP

DÅPSSALME - første del

### FORSAKINGA OG TRUA

*Kyrkjelyden reiser seg*

Liturg: Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua, som vi døyper borna våre til:

Alle: Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.

+ TRUVEDKJENNING CREDO, sjå punktet etter preika.

DÅPSSALME - andre del

## III. ORDET

### TEKSTLESINGAR MED SALME(R)

*Kyrkjelyden sit*

### EVANGELIUM

Liturg: Det heilage evangeliet står skrive hjå...

*Kyrkjelyden reiser seg*

Liturg: Slik lyder det heilage evangeliet.

Alle syng: Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

*Kyrkjelyden set seg*

### PREIKE

## TRUVEDKJENNINGA CREDO

*Kyrkjelyden reiser seg. Truvedkjenninga fell bort her når det er dåp.*

Liturg: Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

Alle:

Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmelen og jorda.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den heilage ande, fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd, fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv. Amen.

## SALME

## IV. FORBØN

### KUNNGJERINGAR

#### ~~SYNDSVEDKJENNING~~

~~Liturg: Vår Herre Jesus Kristus seier: Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit. Dette er det største og første bodet. Men det andre er like stort: Du skal elska nesten din som deg sjølv. Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.~~

~~Alle: Gud, ver meg nådig! Eg har synda mot deg og svikta min neste — med tankar og ord, med det eg har gjort og med det eg har forsømt. Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld. Skap i meg eit reint hjarte, og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.~~

FORBØN FOR KYRKJA OG VERDA  
Etter kvart bønleidd syng kyrkjelyden:  
Herre, høyr vår bøn.

## HERRENS BØN

*Når det er nattverd, kjem Herrens bøn under punkt V. NATTVERD*

**Alle:** Vår Far i himmelen. Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, som vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt, og makta og æra i all æve. Amen.

## TAKKOFFER FRÅ KYRKJELYDEN

## TAKKOFFERBØN

*Gudstenester utan nattverd går frå Takkoffer til punkt VI. SENDING*

## V. NATTVERD

### SALME

### HELSING PREFASJONSDIALOG

Liturg: Herren vere med dykk.

*Kyrkjelyden reiser seg*

Kyrkjelyd: Og med deg vere Herren.

Liturg: Lyft dykkar hjarte.

Kyrkjelyd: Vi lyfter våre hjarte til Herren.

Liturg: Lat oss takka Herren vår Gud.

Kyrkjelyd: Det er verdig og rett.

### INNLEIANDE LOVPRISNING PREFASJON

Liturg: I sanning verdig og rett . . .

... blanda våre røyster og og tilbedande syngja:



## HEILAG, HEILAG, HEILAG SANCTUS

**Alle syng:** Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

## NATTVERDSBØN MED INNSTIFTINGSORDA VERBA

### HERRENS BØN

### DU GUDS LAM AGNUS DEI

**Alle syng:** Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss. Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss. Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, gjev oss din fred.

**Liturg:** Kom, for alt er gjort ferdig.

### UTDELING

### TAKKEBØN

## VI. SENDING

### SALME

*Kyrkjelyden står under salmen og t.o.m. klokkeslaga*

### VELSIGNING

### LOVPRISING BENEDICAMUS

**Liturg:** Lat oss prisa Herren.

**Kyrkjelyd:** Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

**Liturg:** Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.

**Alle:** Amen. Amen. Amen.

## 3 x 3 KLOKKESLAG

*Kyrkjelyden set seg*

## POSTLUDIUM

## UTSENDING

**Liturg:** Gå i fred. Ten Herren med glede.

## **Ofring**

Offer kan gjevast i offerskåla eller via Vipps.

Dombås kyrkje    nr. 500928

Eysteinkyrkja    nr. 500929

Dovre kyrkje    nr. 500930

## **Informasjon om gudstenester og aktiviteter**

Heimeside: [www.kyrkja.no/dovre](http://www.kyrkja.no/dovre)

Kyrkjeblad for Dovre

Annonse i GD og Vigga

Plakatar

Takk for at du tek med deg heftet til utgangen!